

Møteprotokoll

Råd: Valle og Hylestad Sokneråd

Dato og tid: 02.12.2025, 15:45

Stad: Valle kyrkjekontor

Saksmappe: V&H2025-45

Til stades: Torstein Bjørgum (leiar), Gudrun Sagneskar (Nestleiar), Toralv Frøysaa Lie (Prest), Ingunn Nordmo Sagland (sekretær), Kristine Kleiveland (Medlem), Torleif B Harstad (Varamedlem), Steinar Nomeland (Andre innkalte)

Forfall: Arne Tronsen (Medlem), Knut Olav Uppstad (Medlem), Liv Gunn Viki (Medlem), Knut Hagen (Andre innkalte)

Protokollfører: Ingunn Nordmo Sagland

Anne Kirsten Ringstad (Sissa) var med i møtet som fungerande Kyrkjevevje.

Sakslista

Faste Saker

075/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

076/25 Opning

077/25 Leiar i soknerådet orienterar

078/25 Kyrkjevevja orienterer

079/25 Presten orienterer

080/25 Førespurnad

Møtesaker

081/25 Møteplan for 2026

082/25 Konfirmantplan 2025-2026

083/25 Verneplan for gravminne på kyrkjegardane i Valle kommune

084/25 Takkofferliste 2026 og liste over kyrkjevevter

085/25 Rydde i fond

Gudrun Sagneskar
Nestleiar

Kristine Kleiveland
Medlem

075/25 FR - Godkjenning av innkalling og saksliste

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	075/25

Saksframlegg

Godkjenning av innkalling og saksliste og val av to som skal signere protokoll.

Forslag til vedtak

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Vedtak

Innkalling og saksliste vart godkjent.

Samrøystes vedteke.

076/25 Opning

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	076/25

Saksframlegg

.

Møtebehandling

Torstein opna med eit bibelvers frå Jesaja.

Vedtak

.

077/25 Leiar i soknerådet orienterar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	077/25

Saksframlegg

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

Møtebehandling

Leiar orienterer om at ny kyrkjeverje er på plass. Og ønskte henne velkomen.

Kommuneadministrasjonen har foreslått at kyrkjebudsjettet får tildelt same kronebeløp som i 2025. Det medfører ein reduksjon på ca. 126 000 kr. Leier har kontakta gruppeleiarane i kommunen og bede om at løns og prisvekst blirt lagt til i budsjette for 2026.

Vedtak

.

078/25 Kyrkjeverja orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	078/25

Saksframlegg

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

Møtebehandling

Tidlegare kyrkjeverje og sokneprest orienterte om oppstart på ny kyrkjeverje, og snakka litt om det med å få til ein god overgang. Det har vore ein god start og dei ser fram til samarbeidet.

Vedtak

.

079/25 Presten orienterer

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	079/25

Saksframlegg

Kort orientering om aktuelle saker som ikkje er med på sakslista.

- Konfirmantarbeidet
- Vegleiaren
- Kyrkjelydstur
- Samarbeid kyrkje - skule
- Bønevegg i Valle og Hylestad kyrkje

Møtebehandling

Toralv orienterer.

Vegleiaren er klar og har kome ut, med bilete av stab og info. Må finna ein måte å distribuerer det på i Bykle og Valle.

Tur til Assisi, soknepresten vurderer om turen skal gjennomførast eller eventuelt utsett.

Ein overordna samarbeidsavtale med skulene i Bykle og Valle er avtalt med rektorane. Soknepresten og kyrkjevevja i Bykle har hatt møte med rektorane i Valle og Bykle. Målet er å signera ein samarbeidsavtale mellom kyrkja og skulane dette året. Det er avtalt eit møte i mai 2026, der kyrkja skal leggja fram eit opplegg for ulike trinn retta mot måla i læreplanen. Skulen kan så velja tilbod og leggja det inn i årshjulet for 2026 og 2027. Ein ønskjer å byrja forsiktig å byggja opp eit samarbeid over tid.

Bønevegg i Valle og Hylestad kyrkje - Ein arbeidar saman med Reidun Skjellanger og Mattis Tiedje for å lage til ein bønevegg ved inngangen på nordsida i Valle kyrkje og ved inngangen på sørsida i Hylestad kyrkje.

Vedtak

.

080/25 Førespurnad

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	080/25

Saksframlegg

Her er det høve til korte innspel om det som ligg møtedeltakarane på hjarte

Forslag til vedtak

Tatt til orientering

Møtebehandling

Lyskastarar utanfor kyrkja har ikkje rett innstilling i forhold til sommar og vintertid. Det bør vera meir lys no når det er mørkt ute. Lys utanfor kyrkja er såpass viktig at soknerådet ønskjer å få det på plass før jol. Administrasjonen følgjer opp.

Brannalarm har gått i kyrkja på Hylestad - Sissa har hatt kontakt med Dreng Rike og Magnus Berg for å finne en løysing på dette.

Ecclesia : Torbjørg Trydal og Toralv har tilgang - Toralv og Torbjørg Trydal lærer opp Ingunn som overtek tilgangen etter Toralv.

Varmestyring : Dette er ein sak som har gått føre seg sidan mars 2023. Det er ulike utfordringar med dette, men administrasjonen prøver å få dette på plass før nyttår.

Vedtak

Teke til orientering

081/25 Møteplan for 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	081/25

Saksframlegg

Forslag til møteplan for 2026

AU	6.01	10.03	2.06	25.08	29.09	17.11
SR	20.01	24.03	16.06	8.09	13.10	1.12
Soknemøte			?			

Forslag til vedtak

Valle og Hylestad FR vedtek møteplanen slik den ligg føre.

Dato for soknemøte vert vedteke i møtet.

Møtebehandling

Soknemøte legges til 23 august, etter Gudstjeneste kl. 11.00 i Valle Kyrkje.

Vedtak

Møteplan vart godkjent som lagt fram i møtet, med tillegg for soknemøtet 23.august.

Me jobbar vidare med ytterlegare innhold i tilknytning til soknemøtet.

Samrøyste vedteke.

082/25 Konfirmantplan 2025-2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	082/25

Saksframlegg

Før ein visste stabssituasjonen for dette året arbeidde soknepresten for å sikre ein medhjelpar i konfirmantarbeidet. Saman utarbeidde me ein plan for konfirmasjonstida. Denne vart lagt fram for soknerådet i Bykle til godkjenning, men vart ikkje lagt fram for soknerådet i Valle. Det var ein glipp i ein situasjon med delvis sjukemelding. Planen vart lagt fram for foreldre i eit møte i Bykle kyrkje.

Det er eit pedagogisk grep å legge meir av undervisninga til gudstenester slik at konfirmantane lærer ved å vere med på kyrkja sitt gudstenesteliv. Samtidig er det ei praktisk ordning som gjer det mogeleg for kateketen å følge opp konfirmantarbeidet. I opplegget er kateketen og med som klokkar der konfirmantane er med. Det er også ein del av planen å utvikle leiartrening for dei som er konfirmert. Denne hausten er det med 4 ungdomsleiarar frå Evje og Hornnes på enkelte av samlingane. Det er ingen tvil om at dette samla gjer eit løft i tilbodet me gjer til konfirmantane.

Etter at planen vart lagt er desse endringane kome til.
Samlinga onsdag 11. mars er flytta til onsdag 18. mars
Samlinga fredag 13. mars er flytta til fredag 20. mars

Forslag til vedtak

Konfirmantplanen for 2025 - 2026 vert vedteken.

Møtebehandling

Toralv informerer i henhold til saksfremstilling.

Vedtak

Konfirmantplan 2025 - 2026 vert samrøystes vedteken.

083/25 Verneplan for gravminne på kyrkjegardane i Valle kommune

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	083/25

Saksframlegg

Verneplanen for kyrkjegardane i Valle og Hylestad er utarbeidd i ei arbeidsgruppe med Knut K Homme, Alfred Rynningen, Bjørgulv T Berg, Torbjørg Trydal og Leonhard Jansen. I tida som kyrkjevevjerje har eg og vore med på nokre av samlingane. Leonhard Jansen har vore sekretær og ført planen i pennen.

To vedlegg; eitt med utvalde gravminne i Valle og eitt i Hylestad vert lagt fram i møte.

Etter presentasjon og drøfting i førre sokneråd er planen revidera, og det er lagt til bildemateriale slik at planen er slik den vil bli presentert for for bygdefolk og andre interesserte. Det er og eit styrande dokument for adminstrasjonen av kyrkjegardane i kommunen.

Det er ein gjennomarbeidd plan som er lagt fram. Eg vil uttrykke ein stor takk til dei som har vore med i arbeidet.

Med ein slik plan ligg det ansvar for å følge opp. Det er eit administrativt og eit økonomisk ansvar - jamfør vedlagte budsjett.

Toralv Frøysaa Lie

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek Verneplan for kyrkjegardane i Valle kommune slik den føreligg.

Adminstrasjonen følger opp med dei foreslåtte tiltak.

Soknerådet ynskjer å avtale med dei som fester gravene og reparasjon av jernkrossane.

Kostnaden med reparasjon blir tatt opp i samband med budsjetthandsaminga i januarmøtet.

Møtebehandling

Toralv informerer i samsvar med saksfremlegg og viste døme på bilete som skal leggjast ved planen.

Budsjettet blir handsamma i januarmøtet.

Vedtak

Soknerådet vedtek Verneplan for kyrkjegardane i Valle kommune slik den føreligg.

Adminstrasjonen følger opp med dei foreslåtte tiltak.

Kostnaden med reparasjon blir teken opp i samband med budsjetthandsaminga i januarmøtet.

Samrøystes vedteke.

084/25 Takkofferliste 2026 og liste over kyrkjeverter

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	084/25

Saksframlegg

Det er soknerådet som avgjer kven som skal få takkofferet på gudstenestene. I 2026 er det planlagt 28 gudstenester. Langfredag er det ikkje gudsteneste. Ein har tidlegare lagt vekt på lokalt engasjement i kyrkjelyden, og det er verdt å take vare på. Til eige arbeid har ein hatt ofring til konfirmantarbeidet og trusopplæring. Soknerådet dekker konfirmantleir for ungdommane. Me får støtte frå kyrkja sentralt for å drive trusopplæring. Dette får me truleg noko mindre av etterkvart.

- Ein foreslår ei slik fordeling
- Allidretten, 1 ofring
- Den norske Israelsmisjonen, 2 ofringar
- Det norske Bibelselskap, 1 ofring
- Diakoni, 1 ofring på diakoniens dag
- Kyrkjas SOS i Noreg, 1 ofring
- Konfirmantarbeidet, 4 ofringar (presentasjonsgudstenesten, samtalegudstenesten, konfirmasjonsgudsteneste x2,)
- KRIK, 1 ofring
- Kyrkjelydens misjonsprosjekt, Stefanusalliansen, 5 ofringar (påske x2, 17.mai, jolaftan, joledag)
- Open Heart, 4 ofringar (2 i Valle, 2 i Hylestad)
- Tro & Media, 2 ofringar
- Trusopplæring, 4 ofringar (+1 frå i 2025)
- Åpne Dører, 1 ofring

Sum 27

Av praktiske grunnar kan det vere greitt å gje ei fullmakt til å endre takkofferet om det skulle vise seg nødvendig. Eksempler på dette kan vere

- internasjonale hendingar som får merksemd der det kan vere naturleg å gje ei gåve til eit spesielt arbeid
- når ein gjestetalar kjem kan ein knytte gåva til eit aktuelt arbeid
- TV - aksjonen er ofte naturleg å gje til. Dette kan ein gjere med å gje eit takkoffer den dagen, eller oppmuntre til å gje ei gåve til dei.

Når det gjeld gåve til Den Norske Israelsmisjon vil ein med bakgrunn i aktuelle politiske hendingar utdjupe grunnen til å støtte dette arbeidet.

Dette er ikkje ei gåve til ein stat, eller ei regjering, men til eit arbeid med lange tradisjonar i norsk misjonshistorie. Misjonen vart etablert i 1844 - før staten vart etablert. Formålet til organisasjonen er tredelt.

1. Misjonen vil "bevisstgjøre den kristne kirke på at troen har et jødisk utgangspunkt og en jødisk dimensjon som både uttrykker vår forankring og fortsatte forpliktelse"
2. Misjonen vil "møte det jødiske folk med respekt og ydmykhet, samtidig som vi i ord og handling vil formidle den kjærlighet vi har møtt gjennom Jesus Messias."
3. Misjonen vil "i ord og handling arbeide for fred og forsoning mellom mennesker både i vårt arbeid i Norge og i andre land, og særlig i møte mellom israelere og palestinere."

Kyrkjevert på gudstenestene

Det er ønskeleg å ha frivillige med teneste som kyrkjevert på alle gudstenestene. Lista er lagt, men me manglar nokre.

På enkelte gudstenester må me vere to. 17. mai, konfirmasjonsgudsteneste og jolaftan. I møte prøver me å finne ei fordeling og løysing på dette. Jamfør vedlagte liste.

Forslag til vedtak

Valle og Hylestad sokneråd vedtek framlagte forslag til takkoffer for 2026.

Prest saman med soknerådsleiar / kyrkjeverje får fullmakt til å endre takkoffer i spesielle tilfeller

Møtebehandling

Ein har ikkje lykkast med å få kyrkjevert til alle gudstjenester, administrasjonen jobber vidare med dette.

Vedtak

Valle og Hylestad sokneråd vedtek framlagte forslag til takkoffer for 2026.

Prest saman med soknerådsleiar / kyrkjeverje får fullmakt til å endre takkoffer i spesielle tilfeller.

Administrasjonen følger opp dette med kirkeverter.

Samrøystes vedteke.

085/25 Rydde i fond

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Toralv Frøysaa Lie	02.12.2025	085/25

Saksframlegg

Gjennomgang og rydding i fond

Administrasjonen har lagt fram eit forslag til opprydding som ligg ved saksinnkallinga.

Forslag til vedtak

Soknerådet vedtek å rydde i fonda etter framlagte forslag frå administrasjonen.

Møtebehandling

Forslag fra administrasjonen å flytta fondet *55608003 - strukturprosessen* til disposisjonfondet.

Innspel i møtet om å sjekka med kommunen og revisor om dette er mogleg.

Vedtak

Soknerådet vedtek å rydde i fonda etter framlagte forslag frå administrasjonen.

Om mogleg så blir *55608003 - strukturprosessen* flyttet til disposisjonsfondet

Samrøystes vedteke.